

# Allergen immunterapi (allergivaksinasjon) mot bie eller veps

---

**For å redusera risikoen for alvorlege reaksjonar ved stikk av bie og veps kan du behandlas med allergen immunterapi (allergivaksinasjon) med injeksjonar. Første behandlingsdag må du vera på poliklinikken heile dagen. Deretter følgjer ein overgangsfase med injeksjon etter 2 og 4 veker. I vedlikehaldsfasen får du ein injeksjon kvar 8. veke i 5 år.**

## FØR

1-2 dagar før behandlinga startar vil me kontakta deg på telefon for å høyre at du er frisk, og for å svara på eventuelle spørsmål du måtte ha.

Allergitablett skal takast dagen før og kl. 07.00 på den første behandlingsdagen.

Du skal ta dine faste medisinar som vanleg, også astmamedisinar om du bruker dette. Om det er endringar i helsetilstanden din sidan du var hos oss sist, eller du har byrja på medisinar for høgt blodtrykk, vil me gjerne at du kontaktar oss i god tid før timen. Du skal helst ikkje vere åleine første døgnet.

### Lokal informasjon om utgreiing:

Om du har meir enn 1 time reiseveg frå poliklinikken må du overnatta på pasienthotellet eller anna lokal overnattingsstad. Du må sjølv bestilla plass til overnatting.

## UNDER

Første behandlingsdag varer frå 08.30 til 15.30, så ta gjerne med til dømes lesestoff, strikketøy eller nettbrett. Du vil få servert ein enkel lunsj. Me startar med at du vil få lagt inn ein kanyle (Veneflon) i ei blodåre. Dette er ein enkel og trygg moglegheit for å kunne gje deg medisinar om det skulle vera behov for det. Deretter vil me ta ein pusteprobe med ein PEF-målar som måler farten på lufta når du pustar raskt og kraftig ut. Du vil så kvar halvtime få 1 sprøyte med allergenekstrakt mot det du er allergisk for (t.d veps eller bie) i armen din, totalt 6 sprøyter. Ved ein eventuell allergisk reaksjon vil du bli behandla med medisinar.

## ETTER

Dei fleste får ingen eller berre lokale allergiske reaksjonar på behandlinga. Det kan til dømes vera at armane blir ømme, hovne og raude der sprøyta er sett, eller at du kan få utslett. Du vil få med deg kortisontablettar og allergitablettar når du forlet poliklinikken. Dette er medisinar som du skal ta om du får plagsame seinreaksjonar av behandlinga. Legen vil forklara deg når desse eventuelt skal takast. Alvorlege seinreaksjonar (til dømes pusteproblem) er svært sjeldan. Dersom dette skjer, må du kontakta oss umiddelbart. Etter kl. 15.30 må du ta kontakt med legevakt eller ringja 113.

### Lokal informasjon om oppfølging:

Du vil få telefonnummeret til behandlande lege som du kan ringe første døgn ved behov.

### Kontaktinformasjon:

Har du spørsmål, ring oss gjerne på telefon 55 97 38 70 mellom kl. 08.00 og 15.30 måndag-fredag.